

## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Rådhuset på Askøy (kommunestyresalen), Klampavikvegen 1, Kleppestø

Dato: 3. november 2023

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 27. oktober 2023

### Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 85/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 86/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.09.2023
- Sak 87/23 Videreutvikling av styringsgrupper byvekst
- Sak 88/23 Økonomirapportering per 2. tertial
- Sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 90/23 Mandat til prosjektråd for BT5
- Sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024
- Sak 92/23 Oppdatert prioriteringsoppdrag
- Sak 93/23 Orientering om Nordhordlandstunnelen og Ringveg aust
- Sak 94/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 95/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt
- Sak 96/23 Bypakke Bergen: Ordinær prisjustering av bompengetakstane
- Sak 97/23 Bypakke Bergen: Justering av takstane i Bypakke Bergen for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst
- Sak 98/23 Eventuelt Bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

### Sak 85/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 86/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.09.2023

#### Vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 87/23 Videreutvikling av styringsgrupper byvekst

#### Vedlegg 2, 2a, 2b, 2c og 2d

Vegdirektør Ingrid Dahl Hovland tok i februar 2023 initiativ til å utforske moglegheitene for meir samordning av praksis i styringsgruppene sitt arbeid på tvers av dei fire byvekstavtaleområda (Bergen, Oslo, Trondheim og Stavanger med omland). Det vart gjennomført intervju av fleire styringsgruppemedlem, i tillegg til at det vart etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå alle avtaleområda (mandat til gruppa i vedlegg 2d). I tillegg deltok representantar frå dei statlege organa, sidan desse deltek i fleire styringsgrupper. Dei fire sekretariatsleiarane deltok også. I arbeidet har dermed mange som er tilknytt Miljøløftet delteke i arbeidet: Anne Iren Fagerbakke (kommunaldirektør i Bergen kommune og leiar av Prioriteringsrådet), Torill Klinker (seksjonsleiar transportplanseksjonen, Vestland fylkeskommune), Aina Haugstad (sekretariatsleiar Miljøløftet), Tone Oppedal (avdelingsdirektør Transport Vest, Statens vegvesen), Kjell Kvingedal (Miljødirektør, Statsforvaltaren), Øivind Støle (Seksjonsleder mobilitet og samfunn, Jernbanedirektoratet).

Erfaringane frå arbeidet er at praksis er ulik, og at alle område har nytte av å lære av kvarandre. Basert på oppsummeringar etter arbeidet, legg vegdirektøren i denne saka fram forslag til roller, ansvar og årshjul for Miljøløftet si styringsgruppe (vedlegg 2 og 2a). Det vart også identifisert område som låg utanfor arbeidsgruppa sitt mandat, men der det blei anbefalt eit vidare, felles arbeid (vedlegg 2b). Mykje av prosess og forarbeid er summert i eit kunnskapsgrunnlag utarbeidd av Cap Gemini (vedlegg 2c).

I notatet frå vegdirektøren (vedlegg 2) blir det understreka at det er ulikt mellom byområda i kva grad dei ulike prinsippa har relevans. Det er derfor opp til Miljøløftets styringsgruppe å fastslå kva for prinsipp som først og fremst bør bli prioritert i arbeidet lokalt. Saka har ikkje vore drøfta i prioriteringsrådet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppen ber om at sekretariatet i samråd med partene kommer tilbake til Styringsgruppen med forslag til rolle- og ansvarsbeskrivelse og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet. Forslaget skal ta utgangspunkt Vegdirektørens anbefalinger til felles rolle- og ansvarsbeskrivelser og årshjul for byvekstavtaler, og drøfting i møtet.*

## Sak 88/23 Økonomirapportering per 2. tertial

### Vedlegg 3

Retningslinjene for sekretariatet seier at sekretariatet skal leggje til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet har ei totaloversikt over økonomisk status og framdrift slik at dei kan drive ansvarleg porteføljestyring. Økonomirapporteringa pr. 2. tertial byggjer på rapportar levert av partane, som har prosjekteigaransvaret for ulike prosjekt og tiltak.

Prosjekta i byvekstavtalen har ein samla prognose på 1,2 mrd. kroner i 2023. Det er eit samla avvik/ mindreforbruk på 190 millionar kroner ved årsslutt. Mindreforbruket er på nivå med prognosen pr. 1. tertial.

Bergen kommune har eit meirbehov for belønningsmidlar i 2023, og fylkeskommunen har midlar på fond sett av til Bergen kommune. Sekretariatet anbefalar at styringsgruppa vedtek ei ekstra utbetaling av belønningsmidlar til Bergen kommune i 2023.

Prognosen for bypakke Bergen viser at netto bompengainntekter er 231 mill. høgare enn prognosen for rekvirering av bompengar i 2023. Prognosen for netto bompengainntekter er på nivå med prognosen pr. 1. tertial, medan prognosen for rekvirering av bompengar er om lag 140 millionar høgare enn ved 1. tertial.

Saka har vore diskutert i Prioriteringsrådet, som stiller seg bak forslag til vedtak.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek innhaldet i økonomirapporteringa per 2. tertial til orientering.*

*Styringsgruppa vedtek ei ekstra utbetaling av belønningsmidlar til Bergen kommune på 29,6 mill. i 2023.*

*Styringsgruppa ber om at det vert lagt fram ei eiga sak med oppdatert prognose for totalkostnad for bybanen byggetrinn 4.*

## Sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod

### Vedlegg 4 og 4a

Saka er ei oppfølging av fleire saker etter at Samferdselsdepartementet endra vilkåra for bruk av «Tilskot til reduserte bompengar». Etersom saka vedgjekk bruk av bompengar, var den først handsama i styringsgruppa for bypakke Bergen i sak 88/23.

Sjølve tilskotet er del av byvekstavtalen, derfor skal bruken bestemmast av styringsgruppa for Miljøløftet. I møte 2/23, sak 20/23, vedtok styringsgruppa at tilskotet skulle nyttast til bybanen, men at detaljering av bruk skulle komme hausten 2023. Denne saka er eit forslag frå Vestland fylkeskommune om kva «Tilskot til betre kollektivtilbod», som tilskotet no blir kalla, bør nyttast til. Som det også blir vist til i notatet (vedlegg 4), har ein tidlegare versjon av saka blitt drøfta i prioriteringsrådet 7/23. Saka har vore drøfta politisk i VLFK (vedlegg 4a).

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa vedtek at det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) vert nytta i tråd med tabell 2, slik:*

- *Vidare plan- og prosjekteringsarbeid og erverv knytt til BT5 til Åsane (32 mill.)*
- *Planlegging av kapasitetsaukande tiltak i sentrum (4. mill)*
- *Reduksjon av det samla bompenguttaket til BT5 i 2023 (72 mill.)*

## Sak 90/23 Mandat til prosjektråd for BT5

### Vedlegg 5

Reguleringsplanane for Bybanen til Åsane er vedtekne. Den neste byggetrinn har mange interessentar og fagmiljø, og som ledd i prosjektorganiseringa, har Vestland fylkeskommune etablert eit prosjektråd for å støtte prosjekteigar. Prosjektrådet treng eit tydeleg mandat som viser ansvarsfordeling mellom prosjekteigar, prosjektrådet og Miljøløftet, og som definerer rammer for mynde, møteavvikling og rapportering.

Sjå vedlegg 5 for mandat for prosjektrådet. Ein tidlegare versjon av mandatet har blitt diskutert i prioriteringsrådet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 91/23 Forslag til statsbudsjett 2024

### Vedlegg 6

6. oktober 2023 la regjeringa fram sitt forslag til statsbudsjett 2024. Statsbudsjettet skal til endeleg vedtak i Stortinget i desember, og det kan skje endringar før vedtak. I vedlegg 6 oppsummerar sekretariatet omtale og prioriteringar frå budsjettforslaget som påverkar Miljøløftet. Forslaget blir sett mot vedteke handlingsprogram 2024-2027, år 2024.

I forslaget til statsbudsjett er det ikkje gitt løyvingar til nye prosjekt. Allereie igangsette prosjekt på post 30 og post 30 overført til post 66 har fått midlar i tråd med det som var spelt inn frå Miljøløftet. Tilskot til byvekstavtalar er noko høgare enn det som ligg til grunn i handlingsprogrammet. Dette skuldast at forventa indeks for 2023 og 2024 blei auka etter at handlingsprogrammet blei vedteken.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 92/23 Oppdatert prioriteringsoppdrag

Statens vegvesen har overlevert oppdaterte tal på prioriteringsoppdraget til Samferdselsdepartementet.

Statens vegvesen presenterer saka i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 93/23 Orientering om Nordhordlandstunnelen og Ringveg aust

Saka er ei oppfølging etter møte 7/23, sak 79/23, der fylkesordførar Jon Askeland bad om ei orientering om desse to prosjekta. Nordhordlandstunnelen og ringveg aust er ikkje prosjekt som er del av Miljøløftet sin portefølje. Likevel er det prosjekt av relevans for partane, og prosjekt som kan ha innverknad på måloppnåinga i partnarskapen.

Kjell Inge Davik, Divisjonsdirektør Utbygging i Statens vegvesen, presenterer.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

## Sak 94/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

## Saksliste Bypakke Bergen

### Sak 95/23 Bypakke Bergen: Trafikk og inntekt

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompengainntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa jamleg. Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal på trafikk og inntekt.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### Sak 96/23 Bypakke Bergen: Ordinær prisjustering av bompengetakstane

#### Vedlegg 7

I Prop. 11 S (2017 - 2018) om finansiering av Bypakke Bergen, er det lagt til grunn at bompengetakstane kan justerast i tråd med konsumprisindeksen. Gjennom vedtak i sak 69/18 gav styringsgruppa i Miljøløftet Ferde fullmakt til å søke om å justere bompengetakstane når: «*prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.*».

Ferde har sendt søknad til Vegdirektoratet om å prisjustere bompengetakstane i Bypakke Bergen med 3,3 prosent frå 1. januar 2024. Sjå vedlegg 7.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek søknaden om prisjustering av takstane til orientering.*

### Sak 97/23 Bypakke Bergen: Justering av takstane i Bypakke Bergen for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst

#### Vedlegg 8

I tråd med rolla dei er gitt som bompengeselskap, har Ferde sendt brev til Bergen kommune og Vestland fylkeskommune med forslag om å justere grunntakstane for å oppnå gjennomsnittstakst (vedlegg 8). Ordinær prisjustering av takstane er omtala i sak 96/23. Ei justering av takstane ut over ordinær prisjustering må ha lokalpolitisk tilslutnad frå kommunane saka vedkjem, i vårt tilfelle: Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

Differansen mellom fastsett gjennomsnittstakst i Prop. 11 S (2017-2018) og den reelle gjennomsnittstaksten for bypakke Bergen har auka jamleg, i hovudsak som følgje av aukande prosentdel elbilar. Eit inntektsgap over tid får konsekvensar for kva for prosjekt i porteføljen til bypakken det vil vere mogleg å realisere. Det er styringsgruppa som har ansvaret for at prosjektporteføljen vert tilpassa dei samla økonomiske rammene for bypakken.

Ein generell auke av takstane slik Ferde føreslår, er eitt av fleire ulike grep som kan bli sett i verk for å oppnå gjennomsnittstaksten. Det siste året har ei arbeidsgruppe i Miljøløftet undersøkt handlingsrommet for å auke bompengainntektene i bypakke Bergen, saman med vurderingar av dei trafikale konsekvensane av ulike tiltak. Det har vore presentert fleire saker i den samanheng: «Sak 33/22 Bypakke Bergen – Inntektsprognoser og mulige scenario», «Sak 46/22 Videre arbeid med inntektsprognoser og mulige scenario», «Sak 27/23 Bypakke Bergen: Trafikale effektar av ulike takstalternativ» og «Sak 71/23 Framtidige bompengainntekter i Bypakke Bergen 2024-2037». I tillegg har Vestland fylkeskommune lagt fram sak 57/22 Handlingsrom i Bypakke Bergen 2023-2037.

Prioriteringsrådet foreslår at den allerede etablerte arbeidsgruppa legg fram ei sak i neste styringsgruppemøte, med ein ny presentasjon av moglege tiltak.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar brevet til Ferde til orientering, men ønsker å sjå på fleire moglege tiltak enn det som blir foreslått frå Ferde.*

*Styringsgruppa ber arbeidsgruppa om å leggje fram ei sak i neste møte som presenterer moglege tiltak basert på diskusjonen i møtet.*

## **Sak 98/23 Eventuelt Bypakke Bergen**